

dok 362

Kultur- og kirkedep. II	
Saksnummer	200800738 8.9.08
Kode	Ki-501
Beh.	

Det kongelige kultur- og kirkedepartement  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

2008.09.04

## UTSKRIFT FRÅ MØTEBOKA TIL NÆRBØ SOKNERÅD

### Sak 038/08 Styrket demokrati i Den norske kirke

#### Vedtak:

Nærbø sokneråd ser verdien av å få fleire av kyrkja sine medlemmer til å engasjera seg i kyrkja sitt arbeid ved å delta ved val til kyrkja sine organ. Soknerådet vil likevel koma med fylgjande kommentarar til utvalet sit arbeid:

1. Sjølv om Den norske kyrkja står i ei særstilling i det norske folket, vert det ikkje rett i høve til andre trussamfunn å knyta kyrkjeleg val både geografisk og tidsmessig så tett opp mot andre offentlege val som det er lagt opp til i innstillinga. Å flytta kyrkjelege val frå kyrkjelege lokale til andre vallokale på grunn av nærleik til stortings- og kommuneval er med på å gje kyrkja meir karakter av offentleg organ enn av å vera eit trussamfunn. Dette ser soknerådet på som uheldig.
2. Soknerådet er positiv til meir bruk av direkte val på representantar til kyrkjemøtet. Soknerådet vil anbefala ei ordning kor nokre av delegatane vert valde direkte, medan sokneråda vel nokre.
3. Dersom valordninga skal endrast, må det tilførast ressursar for å handtera det auka administrative arbeidet. Det same gjeld og tiltak for å gjera det meir attraktivt å ta på seg kyrkjelege verv. Om ikkje, vil knappe midlar til kyrkja sitt noverande arbeid måtta overførast til administrativt arbeid, noko som ikkje er ønskeleg.

.....  
  
For Nærbø sokneråd  
Kari Torland